

Føresette til Russ 2019

Fylket inviterte denne veka til foreldremøte for alle russeforeldre. Møtet var i Bergen, og såleis var det gjerne mange av våre russ sine foreldre som ikkje reiste av garde. De kan lesa om møtet her:

<https://www.hordaland.no/nn-NO/nyheitsarkiv/2019/-foreldre-ma-vere-gode-forbilde-for-russen/>

Me har ikkje planlagt eit eige, lokalt foreldremøte her på Stord denne våren. Om føresette ønskjer å drøfta saker knytt til russen, er de hjarteleg velkomne til å kontakta skulen. Både administrasjonen, kontaktlærarane og rådgjevarane er lett tilgjengelege. Kontaktperson mellom skulen og russen er Cecilie Berger.

Skulen opplever at me har eit godt samarbeid med russen gjennom ein tett dialog med russestyret. Me har også nært samarbeid med aktuelle støtteressursar i lokalsamfunnet; både kommunen ved førebyggjande helse, utekontakten, SLT, natteravnane og politiet. Fleire av desse har også delteke på møte med årets russekull, der tema som inkludering, nettvert, rus, helse, vald og overgrep var på agendaen. Avgangselevane våre var i haust også invitert til føredrag med Monica Flatabø, som har skrive boka «En sånn jente». Føredraget hadde seksuelle overgrep og grenseoppgangar knytt til seksualitet i ungdomsmiljø på dagsorden.

Russekullet har allereie hatt mange felles arrangement. Nokre av dei har krydra skulekvardagen med morosame temadagar med utkledding og med samlande hendingar i fellesområda. Me har også sett teikn til konflikhtar og grupperingar. I høve dette har me eit fokus på å løysa opp i ting så tidleg som mogeleg. Alle har rett på ein god og trygg skulekvardag. Skulen jobbar kontinuerleg førebyggjande, og grip inn om me oppdagar problem.

Først og fremst ser me ei gruppe positive ungdomar som vil feira at dei snart er ferdige med 13 års skulegang. Me ser fram til ein fin vår, og gler oss til russen sin innsamlingsaksjon til Kreftforeningen den 17. mars, gru-gler oss til russerevy i april, forventar at elevane tek godt vare på kvarandre og at dei klarar å kombinera feiringa med skulekvardag og avsluttande eksamenar.

